

Høyringsnotat - forskrift om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning

INNLEIING

Forslaga om endringar i forskrifta omfattar:

Kap. 4 Spesielle opptakskrav § 4-5

Kap. 7 Rangering av søkjarar ved opptak §§ 7-1 og 7-12

Kunnskapsdepartementet har motteke forslag om endringar i opptaksforskrifta frå seks instansar i 2022. Fleire av forslaga er omtalte i dette høyringsnotatet. Mindre, tekniske endringar, som endringar i namn på studium og andre språklege endringar, blir ikkje sende på høyring, av di det ikkje er naudsynt, jf. forvaltningslova § 37 fjerde ledd, bokstav c.

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) legg til grunn at endringar som ikkje påverkar val av fag som elevane gjer i vidaregåande opplæring, kan få verknad frå og med opptak til studieåret 2023-2024. Om eit forslag skal få verknad frå eit anna studieår, er dette nemnt spesifikt i desse forslaga.

Forslaga som blir sendt på høyring gjeld

- Spesielle opptakskrav i kapittel 4. Eitt av desse er i dag ei prøveordning som vert foreslått som permanente opptakskrav, og eit tillegg av eit nytt studium til same krav. Eitt forslag er innføring av spesielt opptakskrav for nytt studium.
- Rangering av søkjarar i kapittel 7. To endringar er foreslått: eitt om fjerning av antatt overflødig ordning, og eitt om stryking av regel som skapar rom for forskjellsbehandling på grunn av avvikande ordlyd.

Forslag frå Høgskolen Kristiania (HK) om endring av forskriftas innhald og endringsprotokoll, og definisjon av kunstfag, og søknad frå Universitetet i Tromsø om justering av kvoter og poenggjeving etter §§ 7-3 og 7-9, blir ikkje inkludert i høyringa då dette ikkje er aktuelt i samanhengen.

FORSLAGA MED VURDERING

Kapittel 4 Spesielle opptakskrav

§ 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag, fjerde ledd

Gjeldande rett

Fjerde ledd krev karakteren 4,0 i fellesfaget matematikk (eller programfag i matematikk) for bachelorstudia samfunnsøkonomi og politisk økonomi ved Universitetet i Bergen (UiB), som ei forsøksordning som varar til etter inneverande opptak.

Forslag frå HK-dir

Prøveordninga i fjerde ledd gjeld ut dette årets opptak (2022). Det spesielle opptakskravet må bli endra, enten til ei permanent ordning, eller så må det fjernast.

Forslag frå UiB

Forsøksordninga i fjerde ledd vert avslutta til fordel for eit permanent, likelydande spesielt opptakskrav. UiB har revidert ordninga og ønskjer den vidareført for studiet bachelor i samfunnsøkonomi. Bachelor i politisk økonomi er nedlagt.

Forslag frå Universitetet i Oslo (UiO)

Forsøksordninga i fjerde ledd vert avslutta til fordel for eit permanent, likelydande spesielt opptakskrav. UiO viser til UiBs erfaring og ønske om ei permanent ordning, og ønskjer at eit av sine eigne studium vert inkludert i ordninga, bachelorstudiet i samfunnsøkonomi, med referanse til at det er naudsynt at studentane har eit godt grunnlag i matematikk for å klare seg i studiet.

HK-dir si vurdering

HK-dir meiner ein kan sjå på desse forslaga under eitt. Det er klart interesse for å føre vidare det spesielle opptakskravet som permanent ordning, og UiB har vist til si eiga utgreiing. Forsøksordninga må reknast for å vere avslutta etter årets opptak, og det spesielle opptakskravet kan vidareførast som permanent. HK-dir vurderar at det er positivt at det tilsynelatande vert oppretta like spesielle opptakskrav for like/liknande studium, og det styrkjer ønsket UiO har om å inkludere studiet i ordninga. HK-dir meiner det er grunn til å gi alle like studium same høve til å innføre slikt krav. Av di endringa inneber endra opptakskrav, er inkluderinga av bachelor i samfunnsøkonomi (uavhengig av lærestad) foreslått å tre i kraft frå opptak til studieåret 2025-26.

§ 4-5. Spesielle opptakskrav for enkelte økonomiske og administrative fag, femte ledd eller nytt sjetste ledd

Forslag frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU)

NMBU ønskjer at det opprettast eit nytt ledd (6), med krav om faget Matematikk R1 (eller S1 og S2) for bachelorstudiet i økonomi, ledelse og IT. Argumentet er at det ligg emne i studiet som krev forkunnskapar i matematikk tilsvarande nemnde fag i det felles førsteåret, og i to av dei tre spesialiseringane som vert tilbydt i programmet. NMBU viser også til likskap med studiet i føreseigna som allereie har slikt krav (femte ledd).

HK-dir si vurdering

NMBU sitt ønske om innføring av det spesielle opptakskravet er grunnleggjande med studiets nivå på matematikkrelatert undervising, og vert styrkt også ved at det tilsynelatande vert oppretta like spesielle opptakskrav for like/liknande studium, noko som HK-dir vurderar er positivt. Vi foreslår at studiet vert inkludert i føreseigna sitt femte ledd, ettersom kravet er likelydande, for å forhindre

unødvendig utviding av paragrafen. Av di endringa inneber endra opptakskrav, foreslår vi at den trer i kraft frå opptak til studieåret 2025-26.

Kapittel 7. Rangering av søkjarar ved opptak

§ 7-1. Generelt om rangering og kvotar, sjette ledd.

Gjeldande rett

Regelen gir høve til å ta opp studentar utan omsyn til ventelistene, når desse har vist seg ueigna til å skaffe fleire studentar, og det har gått 10 dagar etter studiestart. Det er usikkert om regelen framleis er i bruk.

HK-dir sitt forslag

Vi foreslår å stryke heile sjette ledd.

Regelen vert rekna for å ikkje lenger vere relevant. Det er lite truleg at det finst lærestadar som nyttar seg av denne regelen, då det normalt vert brukt ventelister til å ta opp studentar, også etter studiestart. I motsett fall er studiet normalt lagt ut på ledige studieplassar for lærestadar som er del av SO, og dette følgjer sin eigen opptakslogikk (jf. femte ledd). Dersom det er lærestadar som nyttar seg av regelen slik den står i dag, bør dette avklarast i høyring.

§ 7-12. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast, tredje ledd.

Gjeldande rett

Søkjarar som ikkje kan poengbereknast, skal vurderast på sine «reelle kvalifikasjonar». Typisk gjeld dette søkjarar med ein del forskjellige opptaksgrunnlag, som fagskuleutdanning, realkompetanse, vitnesbyrd frå Rudolf Steinerskole, visse utanlandske utdanningar, mfl.

HK-dir sitt forslag

Vi foreslår å stryke heile tredje ledd.

Regelen vert rekna for å vere overflødig, sidan det som skal vere grunnlag for rangering er slått fast allereie i § 7-1 (3): «Grunnlaget for rangering er den dokumentasjon som kvalifiserer søkjaren for eit studium.» I seinare tid har Samordna opptak funne at det er tolkingsforskjellar mellom lærestadane som skapar forskjellsbehandling av søkjarar, noko som er uheldig.

HK-dir meiner det ikkje er grunnlag for å tolke dette avviket i ordlyd som ein aksept for å behandle ikkje-poengbereknbare opptaksgrunnlag annleis enn poengbereknbare opptaksgrunnlag, og med det justere kva for nokre delar av opptaksgrunnlaget ein ser på som «reelle kvalifikasjonar». Det har aldri vore Samordna opptaks oppleving at desse to reglane i samhald skulle tilseie noko anna enn at ein freista å understreke at regelen i § 7-1 (3) framleis gjaldt, også for opptaksgrunnlag under § 7-12. For å fjerne denne diskrepansen og grunnlaget for forskjellsbehandling, foreslår vi derfor å stryke repetisjonen av prinsippet i § 7-12, til fordel for ei styrking av prinsippet i § 7-1.